



KVINNHERAD
K O M M U N E

Kvardags- rehabilitering

Aktiv i eige liv - i eigen heim

FRA PASSIV MOTTAKAR TIL AKTIV DELTAKAR

Dei fleste av oss opplever ein gong i livet at aktivitetetar i kvardagen som tidlegare har vore sjølvsegte, blir vanskeleg å meistre. Det er fyrst då du merkar kor viktig desse aktivitetane eigentleg er.

Har du opplevd dette og ynskjer å bli meir aktiv i eige liv?



Kvardagsrehabilitering er tidsavgrensa rehabilitering som føregår heime hos deg og i ditt nærmiljø.

KORLEIS FØREGÅR DETTE?

- * Du vil få besøk av nokon frå ergo/fysioterapitenesta og evt. sjukepleiar som kartlegg dine ressursar og utfordringar.
- * I samarbeid med deg vert det utarbeida mål med fokus på kva DU synes er viktig å meistre i din kvardag.
- * Det vil bli laga ein rehabiliteringsplan for vekene framover. Du får så besøk av heimetrenarar frå heimetenesta som føl deg opp for at du skal få gjennomføre planen din.

Ein forutsetning for at det skal bli ei vellykka rehabilitering, er at du som mottakar av tenesta er motivert til å gjere ein innsats for å kunne bli meir aktiv i eige liv.

Er dette noko for deg?

Kontakt oss

Sektor omsorg, helse og sosial
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal
Tlf. 53 48 31 00



KVA ER VIKTIGE AKTIVITETAR I LIVET DITT NO?

